

Yoko Onur – eit balleliv

Yoko Onur lever eit håplaust liv. Ho har nemleg ei håplaus mor. Saman med bestevenninna Kara legg Yoko ein plan for korleis dei kan endre livet hennar. Først må dei bli kvitt Tom, kjærasten til mora.

Yoko og Kara har skrive eit trusselbrev til Tom:

Hei du med den kvite BMW!

Ser du kva som har skjedd med din kjæraste bil? Neste gong vi kiler din BMW skikkeleg.

Du ikkje vere kjærast med Maria.

Stikk, din idiot. Elles ikkje noko bra vil skje med deg. Walla vi lover. Vi veit kvar du bur!

Ikkje gå til politiet

PS! Du er hermed åtvare. For siste gong.

«Gi meg brevet!» kviskrar Kara altfor høgt. Ho spring over parkeringsplassen mot BMW-en til Tom. Ho bøyer seg over panseret og legg brevet på frontruta. Så skrik ho «Aaaaaa!» og går laus på bildøra med kniven ho har teke med. I neste sekund går bilalarmen.

«Trur du nokon såg oss?» kviskrar eg da vi låser oss inn heime hos Kara. Kara ristar på hovudet. Eg er eigentleg imot vald og sånt. Men Kara og eg har starta eit superhemmeleg prosjekt. «La oss ta balletak på livet ditt», hadde Kara sagt ein dag. Det betydde at eg skulle få det betre. Eg blei glad inni meg. Det er ikkje noko kult å ha ei mamma som mi. Ho bruker mesteparten av tida på dumme kjærastar. Og barnslege venner og rare klede. Men det skal det bli slutt på no. Vi har kalla det superhemmelege prosjektet vårt Revolusjonen. Dette er den superhemmelege revolusjonsplanen vår:

- 1 Fikse draumemannen (til mamma)
- 2 Fikse draumejobben (til mamma)
- 3 Få mamma til å digge vanlege klede
- 4 Få mamma til å digge vanleg mat
- 5 Skaffe ein liten kvalp (til meg og mamma)

*Forenkla med løyve
frå Ayse Koca*

Oppgåver:

Sjå Elevbok 7B side 97.

Gjer oppgåvene 1, 2, 4, 5, 6, 7 og 8.